

UU 39/16 Plan for utvalet sitt arbeid 2017

---

Saksnr: 15/06435-2	Saksansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>
Møtedag: 16.11.2016	Informasjonsansvarlig: Veslemøy Hagen, <i>utdanningsdirektør</i>

---

**Dokument i saka**

Utdanningsutvalet sitt mandat  
Årshjul for utvalet

**Kva saka gjeld**

Det skal fastsetjast plan for Utdanningsutvalet sitt arbeid i 2017.

**Bakgrunn**

I fylgje institusjonen sin heilskaplege planlegging og verksemdsoppfylgning (PVO-prosessen) fylgjer perioden både for plan og rapportering kalenderåret. For utvalet tyder dette at planen for arbeidet i 2017 vert fastsett av utvalet i fjerde kvartal 2016, eventuelt på nyåret 2017, medan rapporten for arbeidet i 2016 vert fastsett etter at kalenderåret 2016 er omme.

Mandatet til utdanningsutvalet vart revidert frå 1. januar 2016 og utvalet har fått ny samansetjing frå same dato. Kvalitets- og læringsmiljøutvalet fekk også revidert mandat i 2016, og heiter nå læringsmiljøutvalet.

Det er fastsett årshjul for utvalet sitt arbeid, som saman med mandatet legg føringar for planen for utvalet sitt arbeid. Sjå vedlegg.

**Plan for arbeidet 2017**

Det vert vist til utvalet sin plan for 2016 (sjå [UU 46/15](#), 11. november 2015). Denne hadde fire prioriterte arbeidsområde:

- Arbeid med studiekvaliteten
- Kommunikasjon med andre utval, einingar, tilsette og studentar
- Utvalet som rådgjevande organ i strategisaker
- Opplæring av nye medlemmer

Studiekvaliteten er eit sentralt arbeidsområde for utdanningsutvalet. Med revidert forskrift for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (studiekvalitetsforskrifta) og ny forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning (studietilsynsforskrifta) vil utvalet ha eit serleg fokus på studie- og utdanningskvalitet i 2017. Revisjon av UiS sine retningsliner for studieprogramarbeid og utarbeiding av retningsliner for evaluering/tilsyn med studier, vil vera konkretiseringar av dette arbeidsområdet.

Også under arbeid med studiekvaliteten vil vidareutvikling av kvalitetssystemet ved UiS vera ei prioritert oppgåve framover.

Kommunikasjon med institusjonen, og serleg med fakulteta og med læringsmiljøutvalet, er eit område som også må vidareutviklast. Arbeid med vidareutvikling av digitalisering av arbeidsprosessar vil vera konkretisering her.

Utvalet skal i fylgje mandatet verka som rådgjevande organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål. Vidareutvikling av utvalet som rådgjevande organ for institusjonen for øvrig, er eit arbeidsområde som kan drøftast når det skal lagast plan for 2017.

Utdanningsdirektøren ynskjer innspel frå utvalet til utforminga av endeleg plan for utvalet sitt arbeid for 2017. Innspela vil verta tekne omsyn til og endeleg framlegg til plan for 2017 vil verta lagt fram for utvalet saman med sak for årsrapport for 2016, i møte 15. februar.

**Framlegg til vedtak:**

Utdanningsdirektøren tek innspel frå utvalet med i utarbeiding av endeleg framlegg til plan for utvalet sitt arbeid i 2017. Planen vil verta lagt fram for utvalet sitt møte 15. februar.

Stavanger, 07.11.2016

Veslemøy Hagen  
*utdanningsdirektør*

Saksbehandler: Eilef Johan Gard  
*Seniorrådgiver*

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## **Mandat og sammensetning for utdanningsutvalget (UU) ved UiS**

Fastsatt av styret 3. desember 2015

Utdanningsutvalget er opprettet av styret for å utvikle Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon. Utvalget skal virke som rådgivende organ for styret i utdanningsstrategiske spørsmål, herunder utvikling av studieporteføljen. Utvalget skal bidra til at de krav NOKUT stiller til universitetet som selvakkrediterende institusjon oppfylles. Utdanningsutvalget koordinerer sitt arbeid med læringsmiljøutvalget. Universitetsdirektøren sørger for nødvendig sekretærhjelp til utvalget. Styret kan tillegge utvalget andre oppgaver.

Utvalget utarbeider årlige planer for eget arbeid, og avgir årsrapport til styret om arbeidet utvalget har utført og de resultater arbeidet har gitt.

Utdanningsutvalget skal

### **I. Utvikling av studiene og studieporteføljen**

- 1) Kunne ta initiativ til, og koordinere, strategisk utviklingsarbeid innenfor utdanningsvirksomheten ved universitetet.
- 2) Gi råd til styret i forskriftssaker.
- 3) Gi råd til styret i etableringssaker og andre saker som angår studieporteføljen basert på vurderinger av universitetets strategi, ressursituasjon og totale studieportefølje.
- 4) Være orientert om utviklingen i nasjonal og internasjonal utdanningsstrategi og -politikk, herunder Bologna-prosessen, og på grunnlag av dette kunne gi råd om universitetets oppfølging.

### **II. Utforming og gjennomføring av studiene**

- 1) Fastsette retningslinjer for akkreditering av og tilsyn med institusjonens studier i tråd med gjeldende lover, forskrifter og universitetets strategi.
- 2) Akkreditere studier og sikre at disse oppfyller kravene i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring og standarder og kriterier gitt av NOKUT og universitetet.
- 3) Føre tilsyn med universitetets eksisterende studietilbud, og forestå revidering av akkreditering.
- 4) Fremme forslag om avvikling av studier dersom disse ikke holder tilfredsstillende kvalitet.
- 5) Fastsette andre felles regler og retningslinjer for institusjonens utdanningsvirksomhet.
- 6) Fastsette undervisningsterminer.
- 7) Fastsette unntak for emnestørrelse.

### **III. Sammensetning**

Rektor oppnevner medlemmer og varamedlemmer til Utdanningsutvalget. Utvalget har følgende sammensetning:

Prorektor (leder)  
3 prodekaner for undervisning  
2 representanter for det vitenskapelige personalet  
1 representant for det studieadministrative personalet  
4 studentrepresentanter  
1 ekstern representant

Leder for UiS EVU og representant for universitetsbiblioteket møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett fra studentrepresentantene har personlige varamedlemmer. Rektor er varamedlem for prorektor. Utvalget oppnevnes for fire år om gangen og følger rektorperioden. Studentene oppnevnes for et år om gangen. Vararepresentantene for studentene har rekkefølgerepresentasjon. Representantene for de ansatte skal i størst mulig grad representere alle fakultetene.

Årshjul for utdanningsutvalet, vedteke 26.03.2014, UU 15/14

	<b>Utdanningsutvalet</b>	<b>Kvalitets- og læringsmiljøutvalet</b>
Februar	<p>Årsrapport for utvalet for året som gjekk</p> <p>Sak om utgreiingsløyve for nye studier</p> <p>Møteplan for komande år</p>	<p>Årsrapport for utvalget, foregående år</p> <p>Utlysning læringsmiljøprisen</p> <p>Utlysning midler til læringsmiljøfremmende tiltak</p> <p>Møteplan for kommende år</p>
Mars	<p>Strategisaker</p> <p>Nasjonal og internasjonal utdanningsstrategi og –politikk</p> <p>Tema for fellesseminaret august/september</p>	<p>Budsjettinnspill for kommende år</p> <p>Tema for årets fellesseminar</p>
Mai	<p>Eventuelle akkrediteringssaker utanom ordinær søknadsfrist</p>	<p>Vedtak LMU-midler</p> <p>Vedtak læringsmiljøpris</p> <p>Revisjon av handlingsplaner (hver plan hvert annet år)</p>
August-september	<p>Fellessseminar for dei to utvala</p>	
September	<p>Akkrediteringssaker etter ordinær søknadsfrist</p> <p>2 nye studentrepresentantar</p> <p>Oppfølging av fellessseminar</p> <p>Fastsetting av undervisningsterminer for komande studieår</p>	<p>Valg av ny leder</p> <p>2 nye studentrepresentanter</p> <p>Oppfølging av fellessseminar, herunder eventuell saksinitiering</p>
November	<p>Akkrediteringssaker som evt står over frå septembermøtet</p> <p>Plan for utvalet sitt arbeid komande år</p> <p>Tema for strategisak(er) i februararmøtet</p>	<p>Utvikling og bruk av kvalitetssystemet inneværende år</p> <p>Plan for utvalgets arbeid kommende år</p> <p>Tema for neste års temadag – universell utforming</p>